

Hjorten er enkel å forvalta

24.09.2014



Jaktlaget undervegs til Skorpo med Eivind Tvedt som skysskar

Hjorten er eit relativt enkelt dyr å forvalta. Den er robust og får berre ein kalv medan ei elgku kan få 3, påpeika Arve Aarhus i ei brei orientering om forvaltninga av hjortebestanden i Aktivitetssenteret i kveld.

Utmarksavdelinga i Vestskog og Sogn og Fjordane Skogeigarlag hadde bede inn til møtet i prosjektet som vart starta i 2013 og skal vara til og med 2017.

Aarhus slo i orienteringa fast at Kvinnherad har mest kunnskap om hjorten i landet.

Arbeidet med forvaltninga bør omfatta bruk av kunnskap og kartfesting av bestandsplanområde, tilrettelegging for etablering av bestandsområde og oppfølging av etableringane.

Vidare må bestandsplanen utarbeidast og ein lyt følgja opp drifta i det nye samarbeidet.

Når ein så kjem over i driftsfasen må styret velja dei som vil drive forvaltning og legge forslag til bestandsplanen ut på høyring. Så vert det avvikla diskusjonar lokalt - i valda, kommunen og hjoteutvalg - før styret samlar inn og avgjer og skaffar seg ein fast, fagleg sekretær.

Finansieringa er enkel 'me betalar inn pengar så det held', sa Aarhus.

Det var mange langvegsfarande på møtet, både grunneigarar, jegarar og andre hjortinteresserte.

Derimot var det ikkje så mange hjortejegarar frå Kvinnherad trass i at det også er eit innslag av tilreisande jegarar om dagen. Til dømes var eit jaktlag på 5 i dag underveis til jakt på Skorpo - dei skal jakta hos Marit og Oskar Langballe.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen og Kristian Bringedal.



Arve Aarhus orienterte om forvaltning av hjort i kveld